

Toska, 18.06.2021

Alver kommune  
v/saksbehandlar Hanne Marie Evensen  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG



**SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ LNF-FØREMÅLET FOR OPPFØRING AV BOD – TOSKAVEGEN 620, GNR. 443, GNR. 92.**

Viser til brev frå Dykk datert 31.05.2021, og hyggeleg telefonsamtale nokre dagar etterat eg mottok brevet.

Då eg i første omgang ikkje hadde orientert meg nok om kva som trengs i ein slik søknad, har eg nok starte litt i feil ende. Håper at dette kan rettast opp, og difor prøver eg her på nytt.

I 1997, det året hytta blei bygd, meiner eg det blei gitt dispensasjon frå LNF-føremålet. Difor rekna eg med at dette ikkje var nødvendig å søkje om i denne omgang.

Det blei liste opp fire punkt som mangla i søknaden:

1. Dispensasjonssøknaden ikkje grunngjeve, og nabovarsel mangla.  
Hytta er no 24 år, og til no har eitt av soveromma blitt nytta til bod. Dette utvida seg etter som åra gjekk, så til slutt har vi hatt oppbevaring av diverse under alle senger på soveromma. Dei første åra gjekk dette bra, men seinare har familien «utvida» seg til 6 barnebarn++, og då blei det trangt om plassen. Dermed blei behovet for utebod større og større. Det skal bli godt å få grasklippar, div. reiskapar, sykklar, terrassemøblar, ved osv. plassert inn i utebod. Dette er nok hovudgrunnen til at eg no ønskjer å byggje bod.  
Nabovarsel er herved underteikna og vedlagt. Vedlegg.
2. Teikningar av boda er også vedlagt. Vedlegg.
3. Avstand til nærmaste nabo: Mikal Toska 5 meter.  
Sølve Ottesen 5 meter.
4. Kommunen sitt kart er også vedlagt. Vedlegg.

Eg håper dette er i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Med vennleg helsing

*Karen Anna Toska*

Karen Anna Toska

Kjøkkelvikkbrekkene 160 5178 Loddefjord